

Notat frå synfaring/ møte om utvidinga av Tokke gym.

Dato: 18/2-2026.

Tilstades:

Tokke IL: Vetli Felland, Tor Olav Solli

Tokke kommune: Arvid Moen, John Kjell Lien

Tokke SP: Camilla Lagergren Knudsen

Dagens styrkerom er på ca 60 m2. Spinningromet er på ca 50 m2.

Det blei diskutera løysingar for tilbygg, på fram- eller baksida. Alle var einig i at det beste alternativet for tilbygg var på framsida mot kulturhuset. Eit tilbygg bør vere på om lag 80 m2.

Anna som blei diskutera, viktig med utvida opningstider.

Kommunen ynskjer at det skal vere eigen inngang av di då kan ein halde resten av idrettshallen avskilt frå aktivitetar i styrkeromet. Ein tenker då særleg på uvedkomande som kan få tilgang til areal i hallen som blir bruka av skuleelevar i skuletida. Det er også lettare å førebygge hærverk med å kunne hindre tilgang til alle areal. (mogleg ynskje om eigen inngang også kom fram i brukarundersøkinga?)

Tokke IL meiner dei ikkje kan stå som byggherre ved tilbygg på framsida. Tokke kommune ser vel at det kan vere mest fordelaktig at det er kommunen som eig bygget.

Ein var samde om at ein skal sjå om det kan finnas løysingar for eigar-/ driftsformer som gjer at Tokke kommune og Tokke IL kan ha eit samarbeid på området. Dette gjeld fyrst og fremst for å kunne utløyse diverse tilskot.

Tokke kommune får ein arkitekt til teikne forslag til tilbygg.

JKL